



**DET KONGELEGE KOMMUNAL-  
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT**

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Dykkar ref  
2016/4814-2

Vår ref  
15/537-75

Dato  
08.06.2016

**Oppdatering av kriteriet "innbyggjarar busette spreitt" i inntektssystemet for fylkeskommunane - tilbakemelding frå Hordaland fylkeskommune**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet viser til brev av 19. mai 2016 frå Hordaland fylkeskommune ved fylkesordføraren om kriteriet "innbyggjarar busette spreitt" i inntektssystemet. Frå 2017 skal det nyttast oppdaterte data for kriteriet, jf. brev frå departementet av 9. mai 2016, og Hordaland fylkeskommune ber om at departementet vurderer overgangsordning for innføring av kriteriet eller avbøtande særtilskot.

I inntektssystemet er det ønskjeleg å bruke mest mogleg oppdaterte kriteriedata. Nye metodar og oppdaterte tal, slik som ny metode for avgrensing av tettstader i SSB, fangar opp variasjonar i reelle utgiftsbehov mellom fylkeskommunane på ein betre måte.

Inntektssystemet er eit null-sum-spel der ekstra kompensasjon til nokre gjev mindre tilskot til andre. Hordaland har i realiteten allereie fått ei overgangsordning ved at kriteriet ikkje blei oppdatert i 2015 og 2016. Konsekvensane av endringane i busetjingskriteria er eit av fleire element som departementet vil vurdere når vi fordeler skjønsramma til fylkeskommunane.

Med helsing

Grete Lilleschulstad (e.f.)  
underdirektør

Sissel Ferstad  
seniorrådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur*